

# Vil samarbeide om reservevassforsyning

**Volda kommune har vendt seg til Ørsta kommune med spørsmål om eit mogleg samarbeid om reservevassforsyning. Ørstarådmannen er positiv.**

Volda formannskap har bede rådmannen om å ta initiativ ovanfor Ørsta med slike på å etablere reservevassforsyning for Volda. Formannskapet seier i vedtaket

at det kan verte ei samankoppling av leidningsnett og anna tilhøyrande infrastruktur i Furene.

- Frå Volda kommune si side er det svært ynskjeleg å få til ei løysing med Ørsta kommune, skriv Rune Sjurgard i eit brev til ørstarådmann Wenche Solheim.

- Vi er positive til å hjelpe Volda kommune med reservevatn. Eg meiner at fagavdelingane i begge kommunane må drøfta saka og lage skisse for

mogleg løysing og kostnader, svarer Solheim i ein e-post til Rune Sjurgard.

HEIDI SPORSTØL

\* Ørsta vil hjelpe Volda med reservevassforsyning. Illustrasjonsfoto av spillvatn frå Volda vassverk.



\* POPULÆRT: Dei minste borna fekk køyre med hest og kjerre.

## Kosa seg på Vollane

**Måndag fekk barna på asylmottaket i Volda prøve å ri på Vollane ridebane.**

Dei tolv barna som for tida bur på asylmottaket i Volda fekk prøve å ri og køre hest og kjerre måndag føremiddag. Volda rideklubb stilte med hestar og var med barna ein tur i stallen for å helse på hestane, før dei tok dei med ned på bana der barna fekk prøve seg på hesteryggen.

### Gøy med hest

Det er to år sidan førre gong asylmottaket var på besøk ved ridebana. Ikkje alle barna har prøvd å ri før.

- Nokre av dei er vant til hest, men for nokre er det nytt og ukjent, fortel Anniken Tømmarbakk, som har ansvaret for aktivitetane ved asylmottaket. Men sjølv om det var fyrste ridetur for enkelte av barna, var ein ting sik-

kert: Hest er gøy.

- Det er ikkje vanskeleg, men det kjennast ut som du skal dette ned, seier tolv år gamle Gracia Mokulu. Dette er andre gongen ho prøver riding, og ho synest det er kjempegøy.

### Fyller dagane

Det kan vere tungt å vente på at asylsøknaden din skal behandlast. Du sit i eit slags vakuum, medan du ventar på å få lov til å verte ein del av det norske samfunnet eller verte sendt heim att. Då vert dagane fort einsformige. Tømmerbakke fortel kor viktig det er å fylle tida med noko positivt.

- Sidan det er sommar og skulefri er det gøy å gjøre litt ulike aktivitetar med barna, seier ho. Tidlegare i sommar var dei med på Tine fotballskule, og i dag er dei i Voldahallen for å spele bordtennis.

STINE AKEREN BJØRDAL



\* KOSA SEG: Barna ved asylmottaket i Volda kosa seg på Vollane måndag.



\* KØ: Det var om å gjøre å være først ute når hesten skulle bytte ryttar.



\* GØY MED HEST: Hest er litt skummelt, men veldig gøy. F.v. Dorcas Mokulu, Gracia Mokulu og Aksha Rizan.